


Viktig rom: Då Grethe Mariann Maurseth fekk oppgåva «Eit rom som har hatt betydning for deg», valde ho å fotografere og måle frå ei fødeavdeling. Bileta har gjort inntrykk, og desse trep til «Kunstnerne sommerutstilling» i Danmark.



«Personlege opplevingar set ting i gang»



Realiserer draumen: Grethe Mariann Maurseth frå Geilo har alltid drøymt om å drive med kunst. No er ho på veg mot å bli ein anerkjent kunstnar i Danmark.

Å miste eit barn har sett spor i kunsten til Grethe Mariann Maurseth frå Geilo, som har fått tre foto frå ein fødeavdeling antatt ved sensurert utstilling i Danmark.

25. juni var ein stor dag for 42-åringa frå Geilo. Då opna den eksklusive «Kunstnerne sommerutstilling» i Tistrup i Danmark, med tre av hennar fotografi på veggen.

- Det var merkeleg. Som kunststudent har eg alltid gått på desse utstillingane for å sjå på arbeidet til

andre. No var det mine bilete som hang der.

Fornuft

Grethe Mariann vaks opp på Geilo i ein heim der bilete pryda alle vegger. Faren Oddvar var ein ivrig hobbymålar, og sjølv bar ho alltid med seg draumen om å få drive med kunst.

- Men ein skulle vera fornuftig, så eg valde meg ei utdanning som eg visste ville gje meg arbeid.

Ho tok fagbrev som kokk, og arbeidde innan hotell- og restaurantbransjen og på kontor i 15 år. Kjærleiken gjorde at ho i 1995 flytta til Danmark og slo seg ned i Aalborg, der ho har fast adresse.

Vart hekt

I perioden med graviditetar og små

born, sette ho av ein dag i veka til å måle. Då ho skulle i gang att etter fødslane, søkte småbarnsmora seg til Aarhus kunstakademi, og kom nn på fagskolen for måleri.

- Eg hadde tenkt å gå der eit hlvt år. Men eg vart fullstendig hekt, og kunne ikkje stoppe, fortel Grethe Mariann.

Det som i starten var ein hobby, vart stadig meir seriøst. Miljøet kring skuln inspirerte ho til å halde fram.

Misforståing

42-åringen er no i ferd med å avslutte den fire år lange utdanninga. Men å vera student, kunstnar og morå ein gong, krev både sjølvdisiplin og rutine: To dagar i veka studerer ho Aarhus halvanna time køyring una, to dagar i veka målar ho heime, og ein

dag er sett av til vener og huslege syslar. Sidan mannen leiar ei bedrift og har lange arbeidsdagar, er det ho som brukar mest tid på borna på fem og sju år.

- Det er ei misforståing at kunstnarar kan drikke raudvin dag og natt. Dette er ikkje noko latmannsliv, konstaterer tobarnsmora.

Sterke inntrykk

Grethe Mariann hadde tre graviditetar på tre år. Den mellomste, ei jente, levde knappe seks månader i mors liv. Det å miste eit barn i 23. veka har i stor grad påverka arbeidet hennar. Då ho på kunstakademiet fekk oppgåva «Eit rom som har hatt betydning for deg», var valet enkelt. Det måtte bli frå fødeavdelinga. Ho fotograferte, og måla bilete ut frå fotografa - heilt

utan tanke på at desse ein gong skulle stillast ut.

- Det vart veldig stille då eg la fram bileta på akademiet. Dei gjorde sterke inntrykk. Men folk opplever desse bileta på ulike måtar. Anten merkar ein stemninga og ser noko i dei. Eller så synest ein berre det er merkeleg.

Stort spekter

Det var tre fotografi som passerte nålauga og vart teke opp ved sommarutstillinga. Men det er fyrst og fremst måling som oppteke Grethe Mariann. Motiva er som oftast konkrete, og spenner seg frå skibakkane på Geilo via leikande born til hogspentmaster langs motorvegen på veg til Aarhus.

- Inspirasjonen hentar eg på min veg gjennom livet. Personlege opplevingar set ting i gang. Og sjølv om eg driv

Anten merkar ein stemninga og ser noko i bileta. Eller så synest ein det berre er merkeleg.
Grethe Mariann Maurseth

med andre ting, har eg aldri heilt fri. Eg tenkjer alltid kreativt.

- Betyr oppveksten på Geilo noko for kunsten din?

- Det er med, heile tida. Eg er på Geilo i feriar, og har lyst til å måle herifrå. Problemet er at det er så mange ting eg har lyst til gjera. Alt har skjedd veldig fort og intenst.

Fyrste steg

Berre fem prosent av kunstnarane som sender inn materiale til sommarutstillinga, får positivt svar. Den utflytta geilingen har med dette teke eit

stort steg på veg mot å bli ein anerkjent kunstnar i Danmark.

- Eg håpar dette kan vere med på å opne dører for meg, fortel Grethe Mariann Maurseth.

Ho har tidlegare hatt måleri ved ei rekkje andre utstillingar, og skal i haust stille ut bileta frå fødeavdelinga på eit galleri i Farsø. Smakebitar frå produksjonen ligg på heimesida hennar, www.maurseth.dk.

MALFRID JORDET ÅGOTNES
mjaa@hallingdolen.no

